



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Fornyings- administrasjons- og kyrkjedepartementet
Postboks 8004 Dep.
0030 OSLO

Dato: 03.09.2010

Vår ref: 10/117-2 TOS

Dykkar ref:

Høring - endringer i gravferdslov og kirkelov

Bjørgvin biskop og bispedømeråd gjev sams uttale om dei føreslegne endringane i gravferdslov og kyrkelov.

Gravferdslova

Bjørgvin biskop og bispedømeråd meiner framlegget til endringar i gravferdslova i stor grad høver med korleis kyrkjeleg fellesråd i dag praktiserer gravferdsforvaltninga med respekt for alle og ei praktisk tilrettelegging for ulike grupper sine ønskje, så langt det er råd.

Ein del punkt i framlegget må kommenterast.

Frå kyrkjegard til gravplass/gravlund

Det bør ikkje by på problem å bruke ei meir nøytral nemning enn "kyrkjegard", men "gravlund" er eit lite nytta omgrep dei fleste stadar på Vestlandet, det vil difor vera betre å bruka nemninga "gravplass" i lovteksten. Det ville også høva betre med nynorsk rettskriving.

Vigsling

Etter gjeldande lov (§ 5), har Den norske kyrkja og registrerte trussamfunn som er verksame på staden, høve til å vigsle kyrkjegard eller delar av den. I framlegget til endra § 5 er "vigsle" erstatta med "gjennomføre en seremoni". Vi føreset at endringa ikkje er til hinder for at kyrkja kan halde fram med si vigsling. Samstundes er dette ikkje til hinder for at andre trus- og livssynssamfunn kan gjennomføre sine eventuelle seremoniar.

Lovframlegget opnar for at "Tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet" kan gjennomføre seremoni når ein ny gravplass skal takast i bruk. Dette vil i praksis gjelde organiserte samfunn, anten dei er registerførte eller ikkje (jf. Lov om trdomssamfunn og ymist anna). Også dette er etter vår meining ei god endring.

Det vert lagt opp til at dei som utfører seremonien ikkje "forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for andre tros- eller livssynssamfunn som gravlegger sine medlemmer på den samme gravlund". Dersom dette likevel skulle henda, er det uklart kven som skal handtera ein eventuell klage?

Når det gjeld gravferdslova § 6, vil bispedømerådet meine at dei økonomiske ansvaret må leggest til heimkommunen til vedkomande som skal opne grav.

Kyrkjelova

Dei endringane som er føreslegne er etter vår meining saksvarande tilpassingar til ny tenesteordning for prestar og endringar i gravferdslov, barnelov og offentlighetslov. Det er på sin plass at kyrkja får same høve til å be om politiattest for dei som skal arbeida med born som frivillige organisasjonar har det.


Også i kyrkjelova bør kyrkjegard endrast til gravplass og ikkje til gravlund, då dette er meir bruka ord over heile landet.

Ein vil og peika på at det er trong for ei endring av §3 i Tenesteordning for biskop der det står: "Biskopen forordner gudstjenester i bispedømmets prestegjeld, ..". Her foreslår vi å stryka ordet prestegjeld slik at det står ..i bispedømmet, ..

Bispedømerådet vil meine at biskopen sin rett til å oppnemne prestar i soknerådet (kyrkjelova §6), ikkje må praktiserast slik at relasjonen mellom soknet og soknepresten vert svekka.

Bispedømerådet legg til grunn at alle som skal røyste ved utnemning av biskop, skal vere medlem i Den norske kyrkja, jf. kyrkjelova § 29. Dette må og gjelde professorar ved dei teologiske fakulteta.

Med helsing



Helge Taranrød e.f.
stiftsdirektør



Tore Skjæveland
seksjonsleiar
Direkte innval: 55 30 64 93